



BACHELOROPPGÅVE

Barns medverknad i barnehagen

av

2 – Elisabeth Øynebråten
7 – Silje Fredheim Hauglund
8 - Elbjørg Njøs

Førskulelærarutdanning
ID 384
Mai 2010



HØGSKULEN I
SØGN OG FJORDANE

Innhaldsliste

Forord	2
Samandrag	3
1.0 Innleiing	4
1.0.1 Tema og bakgrunn	4
1.0.2 Utgangspunkt	5
1.0.3 Formål	5
1.0.4 Definisjon og utgreiing av omgrep i problemstillinga	6
1.0.5 Avgrensing	7
2.0 Teori	8
2.0.1 Medverknad som eit vidt omgrep	8
2.0.2 Lovfesta rett til medverknad	8
2.0.3 Demokrati og ytringsfridom	10
2.0.4 Reell medverknad	10
2.0.5 Formell og uformell medverknad	11
2.1 Ulike former for medverknad	11
2.1.1 Flytsona	11
2.1.2 Vygotskys utviklingsteori	12
2.1.3 Skoggruppemetoden	12
2.1.4 Operativ kunnskap og erfaringslæring	13
2.1.5 Sosial-kognitiv læringsteori	13
2.2 Førskulelærar si rolle	13
2.2.1 Vaksenrolla	14
2.2.2 Førskulelæraren som tilretteleggjar for barns medverknad	15
2.3 Samandrag av omgrepet medverknad	15
3.0 Metode	16
3.0.1 Intervju	16
Ulike perspektiv og triangulering	16

Feilkjelder	17
Transkribering	17
Metode som reiskap – observasjon og intervju	17
3.0.2 Observasjon	18
3.1 Val av metode	18
3.1.1 Intervju	18
3.1.2 Observasjon	18
3.1.3 Løpende protokoll	19
3.1.4 Logg	19
3.1.5 Etiske omsyn	19
3.1.6 Presentasjon av intervjuobjekt	19
3.1.7 Opplegget	20
4.0 Resultat	21
4.0.1 Intervju med forskulelærar	21
Medverknad	21
Reell medverknad	21
Pedagogisk verkemiddel	21
Vilje til medverknad	21
Medverknad i forhold til naturleikeplass	22
Planlegging og vurdering	22
Kva kan og bør ikkje barna medverke på	22
4.0.2 Intervju med barna	22
Naturleikeplassen	22
Vegen	23
Medverknad	23
4.0.3 Observasjon av opplegget	24
Planlegging	24
4.0.4 Evaluering	24
5.0 Diskusjon	25
5.0.1 Korleis kan barna medverke i planlegging og etterarbeid i forbindelse med tur?	25

5.0.2 Korleis kan barna medverke når det gjeld val, førebuing og laging av mat på tur?	26
5.0.3 Korleis ivareta barnas medverknad dersom det kjem ynskje om pause eller andre vegval undervegs på turen?	28
5.0.4 Oppsummering	29
5.0.5 Refleksjonar kring prosessen og eige arbeid	30
6.0 Avslutning	31
Litteraturliste	32
Nettsider	33
Vedlegg	
Vedlegg 1 - Intervju med førskulelærarar	34
Vedlegg 2 - Intervju med barna	37
Vedlegg 3 - Løpende protokoll	41
Vedlegg 4 - Loggbok	42
Vedlegg 5 - Plan for opplegget	43
Vedlegg 6 – Deltakingstrapp	44

Forord

Denne oppgåva handlar om medverknad. Medverknad har fått ein sentral plass i barnehagen etter at den nye rammeplanen vart utgitt i 2006. Det finst mykje teori om medverknad og det er ulike definisjonar på det som omgrep. Det er eit tema som interesserer oss og som me må ha kunnskap om når me sjølve skal arbeida i barnehagen som førskulelærarar.

Det å skrive ei oppgåve om medverknad har vore utfordrande, men på same tid lærerikt. Det har vore utfordrande med tanke på å velje ut relevant teori i forhold til barnehagen fordi det eksisterar mykje teori innanfor dette temaet. Det har vore lærerikt på den måten at det har gjeve oss inspirasjon fordi me har sett korleis det vert arbeida med medverknad i barnehagen og kva moglegheiter som er tilstades.

Me vil takke førskulelærarane og heile avdelinga i praksisbarnehagen. Ved hjelp av gode svar, refleksjonar og råd vart det mogleg å skrive oppgåva. Me vil også takke barnegruppa for at dei var blide, imøtekommande og ivrige etter å delta på turane me utførte med dei.

Vår eigen entusiasme og vårt gode humør har gjort skriveprosessen til ei minnerik oppleving.

Til slutt vil me takke vår rettleiar, Jan Morten Loftesnes ved HSF, som har hjelpt oss i skriveprosessen med god rettleiing, nyttige tips og innspel.

Elisabeth Øynebråten, Silje Fredheim Hauglund og Elbjørg Njøs

Sogndal

Mai 2010

Samandrag

Formålet med oppgåva var å finne ut i kva grad barna kan medverke i forhold til turar til naturleikeplassen og kva rolle førskulelæraren hadde i dette. For å innhente data nytta me ei kvalitativ forskingsmetode. Me nytta ein førskulelærar og åtte barn, i tillegg til at me fekk tak i ein førskulelærar til for å få fleire synspunkt. Førskulelærarane og barna vart intervjua og me gjennomførte to opplegg der me tok barna med til naturleikeplassen. Opplegget gjekk ut på at barna skulle medverke når det gjaldt planlegging, gjennomføring og etterarbeid av tur. På den første turen var barna deltagande og dei vaksne styrte, medan rollane var motsett på den andre turen. Me har sett data frå intervju og observasjon opp mot teori om medverknad.

1.0 Innleiing

1.0.1 Tema og bakgrunn

Dagens samfunn er eit demokratisk samfunn og alle har rett til å ytre sine meininger. Eit demokratisk samfunn vil sei at det er fleirtalet som avgjer (Larsen og Slåtten 2006).

Barnehagen er ein arena der barna får tidleg erfaring med deltaking i eit slikt samfunn. Når det gjeld barnehagens samfunnmandat seier rammeplanen at barnehagen skal ta omsyn til kvart enkelt barn og at dei må læra å ta omsyn til resten av fellesskapet (Rammeplanen 2006). Ved å la barna medverke i barnehagekvardagen kan dei få erfaring med å delta og ta ansvar i eit fellesskap.

Medverknad som omgrep omfattar fleire tema og ein kan ikkje sjå dette omgrepet isolert sett. For at barn skal kunne medverke og for at førskulelæraren skal kunne leggje til rette for det, må ein kommunisere og førskulelæraren må ha ei viss forståing av kva medverknad handlar om. Er førskulelæraren alltid bevisst på i kva grad barna medverkar? Dersom barna får medverke, er dei klar over dette sjølve? Kven kan definere at medverknad har funne stad?

Det har vore eit større fokus på medverknad etter at den nye rammeplanen kom ut i 2006. Nokre barnehagar har lagt opp til faste turdagar. Dei har ofte turar i nærområdet og på desse turane vil det vere rom for medverknad. Det er difor interessant å sjå korleis førskulelærarane og barna tek dette i bruk i forhold til naturleikeplassen.

I rammeplanen er omgrepet medverknad nytta og dette vert oversett til engelsk med ordet "participation". Som Larsen og Slåtten (2006) seier får ein omgrepet deltaking dersom ein overset "participation". Medverknad er eit eige punkt i rammeplanen som ligg under første kapittel og ein finn det i barnehagelova §3. Det omfattar verdigrunnlaget og oppgåvane til barnehagen. Dette syner at det er stort fokus på barns medverknad i barnehagen.

Medverknad påverkar og jamnar ut maktbalansen mellom barna og dei vaksne i barnehagen (Johannesen og Sandvik 2008). Dette gjer det fordi alle skal ha ei stemme og det er ikke berre dei vaksne som skal regjere. Det er difor vanskeleg å vite kva plass medverknad får og det er individuelt korleis dette blir sett ut i praksis. I tillegg påverkar det den vaksne si rolle

som tilretteleggar (ibid.). Kor mykje skal barna bestemme? I kva grad skal dei vere aktive i planleggingsprosessen? Vil dette endre vaksenrolla?

1.0.2 Utgangspunkt

Medverknad har dei siste åra fått stort fokus i barnehagane og det er ein eigen lovparagraf som krev arbeid med medverknad. Innsamling av data finn stad i ein barnehage som i forkant er informert om det vert forska på det aktuelle temaet. Det er naturleg å tru at det er fokus på medverknad i denne barnehagen og svara som kjem vil gjerne vere påverka av deira kjennskap til omgrepene.

1.0.3 Formål

Det er viktig at me som framtidige førskulelærarar har kunnskap om temaet og veit korleis ein kan leggje til rette for medverknad i barnehagen. Det vil vera nyttig å vite korleis førskulelærarar arbeider med medverknad og kva utfordringar som ligg der. Ut frå dette har me formulert ei problemstilling for dette arbeidet:

I kva grad kan førskulelærarar gje barnehagebarn moglegheit til å medverke i forhold til turar til naturleikeplassen?

For å utdjupe problemstillinga har me komme fram til desse underproblemstillingane:

Korleis kan barna medverke i planlegging og etterarbeid i forbindelse med tur?

Korleis kan barna medverke når det gjeld val, førebuing og laging av mat på tur?

Korleis ivareta barnas medverknad dersom det kjem ynskje om pause eller andre vegval undervegs på turen?

1.0.4 Definisjon og utgreiing av omgrep i problemstilling.

Førskulelærar

Det skal alltid vera lagt til rette for barns medverknad og det er førskulelæraren som pedagogisk leiar som har ansvaret. Dette inneber å samkøyre avdelinga og ha hovudansvaret for ein felles strategi i forhold til kva ein legg i omgrepet medverknad. Med tanke på denne oppgåva blir det forventa at førskulelæraren har kunnskap om rammeplanen og om barns medverknad. Førskulelæraren skal legge til rette for medverknad på turar. Ein må vise at dei ser og høyrer barnas medverknad og tek det på alvor. Førskulelæraren må kjenne kvart enkelt barn i barnegruppa. I forhold til turar må barna takast med i planlegging og etterarbeid. Det er viktig å vera konsekvent i forhold til medverknad.

Barns moglegheit til å medverke på tur

I barnehagen skal barna inkluderast i deira eigen kvardag. I forhold til vår problemstilling inneber barns moglegheit for medverknad planlegging, førebuing, etterarbeid og vurdering av turar. I forkant av turen skal barna velje mat og fordele arbeidsoppgåver. Arbeidsoppgåvene omhandlar førebuing og tilbreding av mat, pakking av sekk og kveiking av bål. Vegen til og frå er også ein del av turen, samt opphaldet på naturleikeplassen.

Medverknad

Gjennom moglegheita til å medverke utviklar barn sin sosiale kompetanse og dei vert inkluderte i sin eigen kvardag. Medverknad treng ikkje vera planlagd. Med tanke på barns medverknad i denne oppgåva meinast det at barna skal få medverke ved at dei får komme med sine meningar og bli sett og høyrt. Dei skal få erfare at vala dei tek gjev konsekvensar og at dei ikkje alltid kan få det som dei vil. Barn skal få erfaring med å vera ein del av eit fellesskap og dei må ta omsyn til andre. Dei medverkar ved at dei er med å bestemmer og påverkar når det gjeld turar. Medbestemming blir omtalt som ein del av dei vide omgrepene medverknad.

Naturleikeplassen

Ein naturleikeplass i forbindelse med ein barnehage ligg ofte i gangavstand slik at den ofte kan bli vitja. I samanheng med denne problemstillinga opptrer naturleikeplassen berre som eit

middel for barns medverknad. Det er ein trygg og kjent plass for barna der det ligg til rette for deira vante aktivitetar. På naturleikeplassen er det ein gapahuk og bål med moglegheit for matlagning.

1.0.5 Avgrensing

Medverknad er noko som ikkje er konkret og er vanskeleg å definera. Rammeplanen (2006) seier at barna skal ha moglegheit til å medverke på barnehagekvardagen sin. Det er eit omfattande utsegn og me har valt avgrensa dette i forhold til turar. Me vil fokusere på planlegging, gjennomføring og etterarbeid i lag med barnegruppa. Barna skal få medverke på kva me skal gjera. Innanfor medverknad vert det nytta ulike omgrep der me har valt å fokusera mest på deltaking, medbestemming og påverking. I tillegg må ein sjå medverknad som noko som er viktig når ein inngår i eit fellesskap.

2.0 Teori

Først vil det bli greia ut om medverknad som omgrep. Deretter vil det bli nemnt kva rettar som omhandlar medverknad og korleis dette har samanheng med eit demokratisk samfunn. Til slutt vil dei viktigaste syna på medverknad vera framheva og desse vert drøfta i diskusjonsdelen.

2.0.1 Medverknad som eit vidt omgrep

Medverknad som omgrep omfattar mykje, mellom anna delomgrepa sjølvbestemming, deltaking og medbestemming. Martens og Sandgren (1999) definerer medverknad ved å først definere delomgrepa. Deltaking dreier seg om at eit eller fleire individ deltek i ei samanheng enten ved at dei berre er tilstades eller ved at dei får eit relativt stort ansvar for situasjonen dei er i. Sjølvbestemming inneber at individet eller gruppa står fritt til å ta val i dei sakene som angår dei innanfor gitte rammer som består av både materielle avgrensingar, formelle og uformelle normer og reglar (Martens og Sandgren 1999). Medbestemming definerast av Martens og Sandgren (1999) ved at eit eller fleire individ arbeider saman for å kunne foreta val i saker som angår dei, også her innanfor gitte rammer. Samarbeidet inneber at individet eller gruppa får uttrykke si eiga mening samstundes som dei høyrer andres mening. Avgjersla vert teken ut frå informasjonen som kjem fram. Medverknad inneber mellom anna medbestemming (*ibid.*).

Martens og Sandgren (1999) hevdar at omgrepet medverknad ikkje er noko fast og konkret med tanke på kva grad av innflytelse ordet opnar for. Omgrepet er ein prosess som er i stadig utvikling og går frå lita deltaking til full sjølvbestemming (Martens og Sandgren 1999). For å lettare kunne presisere kva dei legg i omgrepet medverknad nyttar Martens og Sandgren (1999) ei deltakingstrapp med trinn frå 1-8 (Vedlegg 6). Trappa syner korleis barn deltek medan vaksne legg til rette for dei. For kvart trinn i trappa er det ei auking i høve barnas innflytelse. I høve deltakingstrappa definerer Martens og Sandgren (1999) medverknad frå trinn fire til åtte. Martens og Sandgren (1999) hevdar medverknad krev eit element av innflytelse på den konkrete situasjonen barn skal delta i. Vidare hevdar dei at medverknad må innehalde medbestemming fordi barna er med å ta avgjersler.

2.0.2 Lovfesta rett til medverknad

Noreg slutta seg til FNs barnekonvensjon i 1991 og i 2003 var konvensjonen ein del av Noregs lover. *"Barn har rett til å uttrykke seg og blir høyrt, men dei skal ikkje overlatast eit ansvar dei ikkje er rusta til å ta. Det er dei vaksne som har ansvaret"* (Barnehagelova §3). Det vil sei at alle barnehagar er forplikta av lover til å arbeide med barns rett til medverknad. Korleis ein utfører dette i praksis er opp til den enkelte barnehage. I kva grad medverkinga vert praktisert og kor omfattande den er kjem an på barnets alder og funksjonsnivå (Rammeplanen 2006). I følgje Gillund (2006) handlar medverknad om eit fellesskap der alle er deltagande, inkluderande og viser kvarandre respekt. Medverknad handlar som sagt ikkje om å bestemme noko eller få viljen sin i forhold til dei andre i gruppa. Det handlar om at ein er ein del av ein større fellesskap og at ein er deltagande og har moglegheit til å påverke det som skjer (Johannesen og Sandvik 2008).

Som første land i verda oppretta Noreg eit eige barneombod. Dette vart gjort allereie i 1981. Barneombodet er ein del av den norske oppvekstpolitikken (Larsen og Slåtten 2006). Barneombodet har som oppgåve å mellom anna følge med på at lovene om vern av barnas interesser vert oppfylde. I tillegg skal dei passe på at norsk rett og forvalningspraksis samkøyrer med dei rettane som eksisterar, til dømes barnekonvensjonen (Larsen og Slåtten 2006). FNs barnekonvensjon inneheld mellom anna nokre punkt som blir kalla dei tre P'an. Dei er provision, protection og participation. Dei engelske omgrepene blir oversett til norsk med omgrepene omsorg, beskyttelse og deltaking (Larsen og Slåtten 2006). Desse finn ein att i både barnehagelova og rammeplanen.

Barnehagelova seier noko om barns rett til å uttrykke sitt syn på barnehagens verksemnd og om kva rett dei har til ulike formar for deltaking (Larsen 2009). Lova peiker på fleire forhold når det gjeld barns medverknad. Barn skal få moglegheit til å medverke når barnehagen planlegger og vurderer den daglege verksemda. *"Barn har rett til å uttrykke seg og påverke alle sider av livet i barnehagen"* (Rammeplanen 2006:13). Vidare står det i rammeplanen (2006) medverknad blir praktisert ulikt ut i frå barnas alder og funksjonsnivå. Vurderinga skal i følgje Arendt (1996) skje ut i frå fleire syn. Det handlar om at menneske er forskjellige og at

barn og vaksne ser ting frå ulike perspektiv. Ein demokratisk veremåte handlar om å skape ein meining i fellesskap (ibid.).

Kjørholt (2005) peikar på at det er ikkje uvanleg at ein tolkar medverknad som noko individuelt og som går ut over kjensla av fellesskap. Dersom ein tolkar ordet feil vil det påverke måten ein arbeider med dette på i barnehagane. Bae (2006) trekker fram ordet *med* i medverknad og seier at det handlar om å gjere noko i samspel med andre. Det støttar under Kjørholt, Gillund og Johannesen og Sandvik sitt syn på at det er noko ein gjer i fellesskap. Det er viktig med tilstrekkeleg informasjon slik at barna får ei forståing av kva deira medverknad dreier seg om og at dei på grunnlag av dette kan velje å ikkje delta i prosessen (Martens og Sandgren 1999).

2.0.3 Demokrati og ytringsfridom

Rammeplanen (2006) seier at barnehagen skal gje barna erfaringar med eit demokratisk samfunn.

Demokrati blir knytt til aktiv deltaking (Arendt 1996). Barna skal gjere seg erfaringar i barnehagen som gjer dei i stand til å ta del i eit demokratisk samfunn (Pape 2008). Vidare skriv Pape (2008) at mange vaksne ikkje har reflektert over kva eit demokratisk samfunn eigentleg er og at dette er vesentleg for å kunne vise og lære barn korleis eit slikt samfunn fungerer. Barns deltaking i eit demokratisk samfunn handlar om meir enn berre å bestemme. Fyrst og fremst handlar det om at vaksne betraktar barn som ein viktig bidragsytar som skal påverke sin eigen kvardag. Det handlar ikkje om ansvarsfråskriving frå førskulelæraren si side sjølv om ein let barna ta avgjersler i forhold til aktivitetar i barnehagen (ibid.). Pape (2008) meiner at det er positivt dersom barn og vaksne saman kjem fram til ei løysning. Barna medverkar kvardagsleg gjennom alt dei seier og gjer og som vaksen må ein sjå seg sjølv frå deira perspektiv. Vaksne må kunne lære av og bli inspirerte av barnas kunnskap, av deira engasjement og interesse (ibid.).

Gjennom ytringsfridom kan både barna og vaksne uttrykke det dei meiner og ein møter ofte andre synspunkt og meininger (Pape 2008). Vaksne må skape rom for usemd om kvardagslege ting (ibid.). Gjennom å oppdra barn i eit demokratisk samfunn meiner Pape

(2008) at ein må støtte og ivareta barnas rett til å ytre seg. Vidare seier ho at vaksne må kunne anerkjenne barnas synspunkt og respektere barna som likeverdige menneske. Dette gjeld og når vaksne ikkje er einige i det barna seier. Pape (2008) meier at tilsette må lære barna til at ikkje alltid har dei rett i det dei seier. Vidare seier ho at rett til ytringsfridom byr på ein del utfordringar for vaksne. Grunnen til det er fordi det roker ved vaksnes oppfating om barna og synet på barns plass i samfunnet (Pape 2008). Vaksne må lytte til det barna seier og prøve å forstå det. For å gjere det må ein konfrontere seg sjølv med sine haldningar og handlingar. Dei vaksne skal avgjere kva barna kan få lov til å bestemme og kva dei ikkje kan få lov til bestemme (ibid.).

2.0.4 Reell medverknad

På lik linje med at barn erfarer at dei er deltagande i eit demokratisk samfunn, vil dei erfare at dei ikkje alltid får medverke i like stor grad som dei sjølv ynskjer. Søbstad (2007) hevdar at reell medverknad går ut på at barna får medverke på det som er naturleg for dei i ein barnehagesamanheng. I studiar som har vore gjennomførte i barnehagar ser ein at barna vil ha meir innflytelse på kvardagen enn dei har i dag (Guldal, Karslen, Løkken, Rønning, Steen–Olsen 2007). I eit prosjekt som heiter *Den norske barnehagekvaliteten* har dei deltagande barnehagane funne ut at meir enn halvparten av barna har lyst å medverke meir. 75 % av barna sa at dei hadde innflytelse på barnehagekvartdagen, men det var mest innanfor leik. Dei sa også at dei vaksne bestemte mykje. Rapportar får ulike liknande prosjekt syner at barna tykkjer at det er bra med innflytelse i høve til leik og barnehagens kvardag. Det at barna får større moglegheit til medverknad vil ha ein positiv verknad på klimaet i barnehagen (ibid.). Resultatet frå studiane tyder på at barns medverknad er positivt og at det er noko som bør viast merksemd (ibid.).

2.0.5 Formell og uformell medverknad

På lik linje med formell og uformell lærings, har Martens og Sandgren (1999) omtala formell og uformell medverknad. Det dreiar seg om situasjonar er planlagde eller om dei oppstår tilfeldig. Formell medverknad er i boka til Martens og Sandgren (1999) definert som det som er mest i fokus og det som er mest gjennomtenkt. Til dømes ved prosjektarbeid der det vert

fokusert på eit tema som er bestemt på førehand. Formell medverknad er gjerne styrt av reglar. Barna får sjølvbestemming innanfor noko, mens vaksne fungerer som rammer for avgjersla. Uformell medverknad vert definert som noko som ikkje har slike klare reglar. Uformell medverknad dreier seg i følgje Martens og Sandgren (1999) om barns ytringar om korleis dei ynskjer at ting skal gå føre seg. Uformell medverknad dreier seg om haldningane vaksne har til barn (Martens og Sandgren 1999). Dersom det skal arbeidast med uformell medverknad er det viktig at desse ytringane vert observert, høyrd og lytta til. Ved å bli høyrt og sett føler barn at dei vert tekne på alvor og at dei betyr noko (ibid.).

2.1 Ulike former for medverknad

Det er ulike forklaringar på omgrepet medverknad og det er ulike måtar å arbeide med dette på i barnehagen. Vidare føl nokre teoriar og metodar om korleis ein fôrskulelærar kan arbeide for å ha fokus på barns medverknad og om barns læring. Dette fordi barns læring er ein viktig del av deira evne til å medverke.

2.1.1 Flytsona

Som fôrskulelærar skal ein leie både barna og vaksne i barnehagen og alle treng ulike utfordringar i forhold til kva dei kan. Den som er ansvarleg må sjå ann kor mykje ansvar dei ulike kan få i forhold til korleis dei er (Gotvassli 2006). Dei fleste har ulike kompetansenivå og det må bli gitt utfordringar ut i frå den kompetansen den enkelte har (ibid.). Dersom ein person får utfordringar som samsvarar med kompetansen ein sitte med og denne personen opplever meistring, kan ein sei at personen er innafor flytsona (ibid.). Då er det i følgje Gottvassli (2006) ein balanse mellom ferdigheiter og utfordringar. Når barna skal medverke er det ikkje sikkert at alle kan medverke på det same eller at dei kan gjera dei same oppgåvene. Det er naturleg at ikkje alle er flinke til eller tykkjer om det same. Det kan hende at nokon får for store oppgåver som dei ikkje klarar å mestre. Då blir dei usikre og dei fell utafor flytsona. Det kan også handla om at dei får for lite utfordrande oppgåver og dermed tykkjer det blir keisamt (ibid.).

2.1.2 Vygotskys utviklingsteori

Læring kan finne stad når ein kommuniserer og samhandlar med andre. Medverknad er som Gillund (2006) hevdar, noko som skjer i fellesskap. Vygotskys utviklingsteori handlar om at sosial omgang er grunnlaget for læring (Nordahl og Misund 2009). Som førskulelærar har ein hovudansvaret for det daglege arbeidet på ei avdeling i ein barnehage, samt i forhold til turar i nærfriluftslivet. Det er førskulelæraren som skal legge til rette for gode læringssituasjonar for barna (ibid.). Dersom dette vert sett i samanheng med turar i nærfriluftslivet vil det seie at det er samhandlinga mellom menneska som er med på å gje barna læring (ibid.). Dette kan ein ta med inn i planleggingsfasen når det gjeld turane og dersom barna får delta i denne vil dei få tilført ny kunnskap. Dei vaksne har gjerne eit meir realistisk syn og kan betre sjå kva som er mogleg å gjennomføra (ibid.). Barna vil komme med forslag og den vaksne må ved behov utdjupe og forklare kvifor nokre ting ikkje vil kunne utførast i praksis (ibid.).

2.1.3 Skoggruppemetoden

Nordahl og Misund (2009) skriv om ein arbeidsmetode som kallast Skoggruppemetoden. Den har fokus på at barna skal vere aktive under heile prosessen og det inneber at dei er medverkande. Metoden består av tre sekvensar som utgjer opplegget og desse blir kalla PLAGG. Dei består av planlegging, gjennomføring og gjenkalling. Nordahl og Misund (2009) skriv at PLAGG handlar om å gje barna moglegheit til å velje. Dei skal kunne velje, planlegge og gjennomføre aktivitetar som dei i fellesskap må bli einige om. I etterkant skal ein gjenkalle det ein har opplevd saman og barna får anledning til å tenke tilbake og reflektere (Nordahl og Misund 2009). Metoden bygger på barna sine interesser og dei bli støtta i det å ta eigne val. Etter at barna har vore gjennom denne metoden vil dei kjenne att dei ulike sekvensane og det blir noko som er kjent for dei. Då vil det framstå som ei trygg ramme med ein fast struktur og det vil vere eit godt grunnlag for læring (ibid.). I følgje Piaget vil barn som står fritt til å velje ein aktivitet, velje det som det meistrar og som det kjenner seg trygg på (ibid.).

2.1.4 Operativ kunnskap og erfaringslæring

I følgje Nordahl og Misund (1999) er det ikkje tilfredsstillande nok at barna berre er med å snakkar om ei handling. Dei må i tillegg utføre denne i praksis. Dette kallar Piaget operativ

kunnskap. Det handlar om at barna sjølve må vere aktive for at dei skal kunne læra og at dei lærer gjennom faktiske opplevingar (Nordahl og Misund 2009). Førskulelæraren si rolle i dette blir mellom anna å undre seg og utforske saman med barna og setje ord på det ein opplever (ibid.). Gjennom skoggruppemetoden er barna aktive og deltagande. Hundeide (1985) trekkjer fram aktivitetar som kjem ut frå barns interesser. Han seier at det er like viktig at aktivitetane kjem fordi barna har lyst til å gjere desse, som at dei skal få gjere det dei har lyst til. Piaget hevda at dersom barna er aktive i planlegginga og underveis i prosessane vil dei oppleva det som meir lærerikt (Nordahl og Misund 2009). Skoggruppemetoden baserer seg på det same ved at barna skal vera med på heile prosessen. Det gjer at dei får eit eigarforhold til det dei skal gjere mens dei er i barnehagen (ibid.). Dette kan gjerast ved at dei får vere aktive og er medverkande (ibid.).

2.1.5 Sosial-kognitiv læringsteori

Barns medverknad gjev dei erfaringar med at val dei tek får konsekvensar. Erfaringane ligg til grunn for læring. Albert Bandura blir knytt til den sosial-kognitive læringsteorien (Imsen 2005). Bandura meinat at menneske er i stand til å hugse og gjenkalte opplevingar og at dei kan bygge opp forventningar. Imsen (2005) seier at Bandura er kjent for sin eigen teori som handlar om at eit menneske lærer gjennom observasjon og imitasjon. Ved at menneske observerer og tek etter det andre gjer, vil det også gje lærdom (Imsen 2005). Vidare hevdar Bandura at menneske lærer av omgjevnadane, korleis andre er, korleis det sjølv handlar og erfaringane det gjer.

2.2 Førskulelærar si rolle

Rammeplanen (2006) seier at personalet er ansvarlege for at verdigrunnlaget i barnehagane blir sett ut i live. Det står vidare at medverknad må bli inkludert i barnehagens arbeid. Sjølv om barn har rett til å bestemme over seg sjølve er det ikkje alt dei kan bestemme. Bae (2006) seier at vaksne må vurdera kva som er passande at barna medverkar på. Barna skal vernast, men dei skal få moglegheit til å medverka på det dei kan i forhold til alderen. Det er viktig med ein førskulelærar som klarar å balansere høve før beskyttelse og medverknad (Tholin 2006). Når barna får moglegheit til å påverke kvardagen sin er det positivt for utviklinga av

den einskilde sin identitet og sjølvkjensle (ibid.). Når barnet skal sosialisera i ei gruppe og tileignast sosiale ferdigheitar som sjølvkontroll og sjølvhevding, kan medverknad vere ei verdifull erfaring for barn (Johannesen og Sandvik 2008). Det er mange moglegheiter i barnehagen der ein kan styrke barns sjølvkjensle gjennom deltaking og innflytelse (Tholin 2006). I følgje Tholin (2006) handlar barns medverknad om innflytelse på fellesskapet meir enn at det er snakk om tilfredsstilling av individuelle behov.

2.2.1 Vaksenrolla

Som det står om i innleiinga, kan ein ikkje sjå medverknad isolert sett når det gjeld barnehagebarn og førskulelæraren. Det er mange ting som spelar inn på barns moglegheit til medverknad (Johannesen og Sandvik 2008). Vaksenrolla og maktposisjonen den vaksne har i forholdet til barna er nokre av dei, samstundes som rammeplanen har retningslinjer ein skal følgje (ibid.). Johannesen og Sandvik (2008) stiller spørsmål ved vaksenrolla som rammeplanen inviterar til – kanskje skal ein stille seg meir på sidelinja og invitere til at barna er medverkande? Som vaksen i barnehagen må ein i følgje Johannesen og Sandvik (2008) tøye litt på rutinar, vaner og den faste kontrollen som ein ofte har og vil ha i kvardagen. Barn har mange innspel å komme med og ein må sjå barna som ein likeverdig kanal for moglegheiter til endringar, i same grad som vaksne (ibid.). Johannesen og Sandvik (2008) hevdar at barnet er aktør i sitt eige liv og at det difor har mykje å bidra med og medverka på.

Makta og ansvaret eit barn får er avhengig av oppgåva som skal utførast og mogningsnivået til barna (Martens og Sandgren 1999). Mogning er her meint som barnas tidlegare erfaring med medverknad. Utfordringa i forhold til medverknad vil vere å kartleggje forholdet mellom oppgåva og mogningen til barna, slik at passeleg ansvar vert tildelt og grad av medverknad i høve barnas utvikling (ibid.).

Jensen (2008) hevdar at barnehagebarn har ulike erfaringar med naturen og det å vera ein del av den. Vaksne i barnehagen har som oppgåve å hente fram erfaringane og kvalitetane som finst hjå kvart enkelt av barna og seinare nytte desse på ein positiv måte. Gjennom ei slik framferd blir det danna grunnlag for deltaking og engasjement (Bagøien 2008). Vidare hevdar Jensen (2008) at planlegging av turar i naturen må utførast saman med barna. Det fordi barna skal kunne behalde lysta til å oppsøke og føle glede ved å vera i naturen. Ved at barna får

delta under planleggingsprosessen og får god nok informasjon om turen, kan opplevinga bli meir positiv for barn og vaksne (Bagøien 2008).

2.2.2 Førskulelæraren som tilretteleggar for barns medverknad

I barnehagen er det førskulelæraren som set i gang planar og som har ansvaret med å sikre at lovverk og årsplanar vert følgt. Medverknad er som nemnt eit viktig punkt i Barnehagelova. Tholin (2006) seier at det er tre føresetnadar som må være til stades når førskulelæraren skal legge til rett for barns medverknad. Den første er at førskulelæraren må være fysisk nær og tett på barna. Då er det lettare å fange opp deira opplevingar, inntrykk, interesser og samhandlingar. Den andre er at dei må lytte meir til kva barnet seier, framfor å snakke sjølv. Den siste er at dei må prioritere meir tid til gode samtalar. Førskulelærarens prioritering av møter og ulike gjeremål saman med barna er det en føresetnad for barns medverknad (Tholin 2006).

Tholin (2006) hevdar at førskulelærarar legg barnets perspektiv til grunn for arbeidet sitt. Dette ved at dei prioriterar innspel som dei får av barna på turar eller i aktivitetar som er organiserte. Dette kallar Tholin (2006) ”død mus pedagogikk”. Medverknad er først og fremst ein veremåte og ei bestemt haldning førskulelæraren sjølv må ha (*ibid.*). Alle barn kan, uavhengig av alder, gi utrykk for kva dei meinat og likar. Det er opp til førskulelæraren å gi moglegheit for dette i barnehagen og i følgje Tholin (2006) er det inga nedre aldersgrense for at barn skal få medverke.

2.3 Samandrag av omgrepet medverknad

Alle forfattarane har ulik tilnærming til omgrepet medverknad. Vidare i oppgåva vil me fokusere på nokre av desse. Martens og Sandgren (1999) seier at medverknad ikkje er noko konkret og forklrarar omgrepet med tre ord; sjølvbestemming, deltaking og medbestemming. Dei meinat at det er medverknad dersom barn er med og tek avgjersler. Barnehagelova fokuserar på at det er dei vaksne som har ansvaret og at medverknad må sjåast ut i frå alder og utviklingsnivået til barna. Gillund (2006) hevdar at medverknad er noko som omhandlar individet, men som skjer i fellesskap. Det inneber i følgje Gillund (2006) deltaking, noko som Martens og Sandgren (1999) er samde i. Desse definisjonane vil bli nytta i diskusjonsdelen.

3.0 Metode

Metode som er kvalitativ blir nytta for å få data som kan karakterisere eit tema (Dalland 2008). Grønmo (2007) skriv at kvalitative data seier noko om dei ikkje-tallfestbare eigenskapane som undersøkinga inneber og går meir i djupna enn den kvantitative metoden. Det er til dømes færre intervjuobjekt, noko som gjer at det blir meir nærleik mellom den som forskar og personane som forskast på (Grønmo 2007).

3.0.1 Intervju

Kvalitativ forskingsintervju er å få tak i intervjupersonens eigne skildringar av det ein lurer på. Kvalitatitt intervju tek sikte på å få fram nyanserte skildringar av den situasjonen som intervjuperson er i. Det bør stillast utdjupande spørsmål og ein må følgje opp det som blir sagt. På denne måten vil intervjupersonen få ei oppfordring til å gje ei god skildring. Her er det viktig å foreta kvalitetssikring av intervjuet (Dalland 2008). Vidare skriv Dalland (2008) at når ein har eit strukturert intervju har ein på førehand gjort klart kva ein ynskjer å vite noko om. Spørsmåla er ferdig formulert og rekkefølgja er bestemt. Intervjuaren styrer det som skjer og rekkefølgja har tyding i den grad den er med på å halde merksemda knytt til undersøkingas fokus (Dalland 2008). Det kan vera lurt med ulike perspektiv på problemet (Kristoffersen 1996).

Ulike perspektiv og triangulering

Qvarsell (1989) meina at om det dukka opp ulike synspunkt kan dette være positivt i forhold til resultatet. Ved at fleire uttalar seg om same sak kan dette føre til at validiteten i intervjuet aukar. Ein kan ved bruk av barneintervju og intervju av førskulelærar sjå saka frå både barneperspektivet og frå førskulelærarperspektivet. Dette vert kalla triangulering. På denne måten får ein eit meir nyansert bilet av problemstillinga (Kristoffersen 1996).

I høve barneintervju skriv Kristoffersen (1996) at ein som førskulelærar vil gjere det beste for barna og vil sjå problemet ut frå barnas perspektiv. Difor må førskulelæraren ha kunnskap om at barn tenkjer på ein anna måte enn vaksne (ibid.). Vidare skriv ho at førskulelærarens tileigning av barneperspektivet og deira forståing av dette er svært viktig når det er snakk om barneintervju. Ho presiserer òg at intervjuet må skje på ein stad der det er roleg og der barna

er trygge. Dei må få god tid til å tenkje over spørsmåla og svara (Kristoffersen 1996).

Feilkjelder

Når ein har intervju må ein gi eit mest mogleg heilskapleg bilet av det som gjekk føre seg, frå fyrste kontakten med intervjupersonen. Det omhandlar korleis intervjuet gjekk føre seg, kva forstyrringar som kan ha påverka samtalen og korleis intervjuet blei nedskrive (Dalland 2008). For at innsamla data skal vera relevant, må det vere påliteleg. Det er fleire moglege feilkjelder under kommunikasjonsprosessen i eit intervju (ibid.). Mellom anna om spørsmålet vert oppfatta riktig, om det vert notert riktig og om ein forstår sine eigne forkortinger. Er det uklarleik i dette, vil det redusere pålitelegheita i intervjuet. Kvalitativ metode som intervju og observasjon vil òg bli prega av forskarens personlegdom (Dalland 2008).

Transkribering

Etter eit intervju skal ein gjera det munnlege språket om til skriftspråk. Dette kallast transkribering (Dalland 2008). Ved å gjera dette får intervjuet ei anna form. Det er viktig at ein får med mest mogleg av det som skjer undervegs i intervjuet (ibid.). På den måten får leseren ei best mogleg forståing av det som vert sagt. Dei notatane ein tek under intervjuet er viktige å ta med seg når ein fører inn intervjuet og når ein skal tolke det (Dalland 2008). Det kan også vere lurt å skrive ned ord for ord når ein arbeidar med stoffet, slik at ein lettare hugsar tilbake til det som skjedde under intervjuet (ibid.).

Metode som reiskap - observasjon og intervju

Observasjon og intervju er to metodar som heng saman. Under intervju vil det også oppstå observasjon av intervjuobjektet. På denne måten overlappar metodane kvarandre (Dalland 2008). Ved å bruke desse metodane på ein god måte vil dei gi betre data. Ved å kombinere desse to kan observasjon gi dei nødvendige føresetnadane for eit intervju. Intervjuet kan då bidra med å utfylle dei bileta ein har frå observasjonen (ibid.).

3.0.2 Observasjon

Når ein observerer må ein skjerpe alle sansane fordi alle er i bruk (Dalland 2008). Det er ikkje alltid intervjuet eller samtalen gir svara på det ein er ute etter (ibid.). Når ein observerer får

ein moglegheit til å sjå korleis menneske samhandlar og korleis dei opptrer i sitt fysiske miljø. Det kan fortelje oss kva dei gjer og det kan vere forskjell frå kva ein seier at ein gjer (ibid.). Dette gjeld også i forhold til følelsar, som til dømes om eit barna er lei seg. Ein må ta vare på dei inntrykka ein får når ein observerer. Den som observerer skal påverke situasjonen minst mogleg, trass i at ein skapar ulike situasjonar i intervjuet (Dalland 2008). Den som blir intervjuet kan formulere svar slik ein vil og avslå å svare dersom ein ynskjer det. Ein som blir observert kan ikkje på same måte styre informasjonen om seg sjølv (ibid.).

Menneskjer handlar som dei gjer, mens forskaren vil vite grunnen til at dei gjer det og kva hensikt dei har med det (Dalland 2008). På den måten rettar kvalitativ tilnærming seg mot ei subjektiv oppleving og samspel mellom menneske. Ein grunnleggjande metodeferdigheit er å vite kva ein kan oppnå med ulike observasjonsmetodar. Ei problemstilling er oppdragsgivande og utfordringa ligg i å finne den observasjonsmetoden som gjev svar på spørsmålet (ibid.).

3.1 Val av metode

3.1.1 Intervju

For å finne svar på problemstillinga vil det bli gjennomført intervju og observasjon av både førskulelærarar og barn. Grunnen til at førskulelærar vert intervjuet er at målet er å sjå korleis ein utdanna førskulelærar handterar medverknad i det daglege. Barna er også deltagande i prosessen som har med medverknad å gjere og det er viktig å høyra kva dei seier og sjå det frå deira perspektiv. I tillegg er det interessant å sjå korleis barna responderar og korleis dei stiller seg til spørsmål om medverknad og deira mogleheter til å vera medverkande.

3.1.2 Observasjon

Gjennom observasjon vil ein få innblikk i korleis dei enkelte partane utfører medverknad i praksis og korleis dette blir motteke. Observasjon er valt som ein metode for å observere om det som blir sagt i intervjuet heng saman med den faktiske utføringa. I denne samanhengen er det observatørane som dreg nytte av metoden fordi det vil gje eit meir realistisk bilet av

medverknad (Dalland 2008). Data som blir samla inn gjennom intervju og observasjon vil bli samanlikna opp mot teori på feltet. Det vert nytta to metodar og det opnar for moglegheita til å sjå resultatet frå dei i samanheng og samanlikne resultatet. Sidan både barn og førskulelærar bidreg med materiale vil ein også kunne sjå dette opp mot kvarandre. Når det gjeld intervjuvara vil desse bli samanlikna med kvarandre. Dette for å sjå om det er likskapstrekk eller ulikskapar.

3.1.3 Løpande protokoll

I barnehagesamanheng er det vanleg å bruke løpande protokoll (Løkken og Søbstad 2006). Den som observerar er tilskodar og noterer ned det som skjer. Ein kan også vera deltagande ved at ein filmar observasjonane (ibid.). Ved å bruke løpande protokoll får ein raskt informasjon om barnet og dette kan ein bruke til ein meir utfyllande observasjon seinare (ibid.). Når ein brukar løpande protokoll konsentrerer ein seg om eit eller fleire barn (Gjøsund og Huseby 2006). Ein slik metode er ein fleksibel måte å observere på. I ein slik observasjon skal ein ikkje bruke meir eit par minutt (ibid.).

3.1.4 Logg

Logg er ein metode der ein brukar usystematisk teknikk og noterar ned hendingane kontinuerleg (Løkken og Søbstad 2006). Hensikta med å føre logg er å få fyldige skildringar av det som skjer (ibid.). Loggbok er ein av dei lettaste metodane til å registrere observasjon (Gjøsund og Huseby 2006). Når ein førar loggbok kan ein både observera eit barn eller ei barnegruppe. Den som observerar avgjer kva observasjonen skal rettast mot (ibid.). Når ein nyttar denne metoden kan det vere lett å tolke dei hendingane som ein ser og det kan styre observasjonane i ei bestemt retning. Tolkinga skal skje etter observasjonen (Gjøsund og Huseby 2006).

3.1.5 Etiske omsyn

Barnehagen og intervjuobjekta vil bli anonymisert. Dette gjeld i forhold til notat, intervju og anna materiale som kan avsløre identiteten til subjekta. Under intervjuet vil det bli teke omsyn

til barnets kroppsspråk og haldningar. Det vert teke omsyn til kor mange barn det er i intervjuet i forhold til kor mange vaksne.

3.1.6 Presentasjon av intervjuobjekta

Intervjuobjekta er to førskulelærarar som arbeider på same avdeling. Den eine førskulelæraren jobbar fast med barnegruppa og vert presentert som F1. Den andre førskulelæraren vert presentert som F2. Barnegruppa består av 4 jenter og 4 gutter. Det er dei eldste barna i barnehagen og dei er alle fødde same året.

3.1.7 Opplegget

I forkant av opplegget som skal utførast vil det bli gjennomført eit forarbeid. Her vil de skje ei kartlegging over korleis barna opptrer og korleis det vert arbeida med medverknad i barnehagen. Dette fordi det skal verte betre å legge tilrette for medverknad ut frå barnas eigne føresetnadar sidan me ikkje er kjende med barnegruppa. Saman med barna og førskulelærarane skal det gjennomførast eit opplegg som handlar om medverknad. Det vil bli gjennomført to turar til ein naturlikeplass i nærområdet til barnehagen. Barna skal vere deltagarar, utan noko form for medverknad. Alt i frå pakking av sekk, val av mat, korleis ein skal gå opp og kva ein skal gjere der oppe vil bli styrt av dei vaksne. I etterkant av denne turen vil intervju bli grunnlaget for planlegging av den andre turen. I planlegginga vil barna vere medverkande og det er dei som tek avgjerslene. Dei skal velje kva mat ein skal lage, kven som skal forberede den, kven som skal pakke sekken, korleis ein skal gå opp, kven som skal lage bål og når ein skal lage mat. I etterkant av dei to turane vil barna bli intervjuet i forhold til korleis dei synest turane fungerte og kva tankar dei sit att med.

4.0 Resultat

Først vil intervjuet bli presentert, deretter kjem observasjonen av opplegget og evaluering.

4.0.1 Intervju med forskulelærarar

Medverknad

Førskulelærarane fekk spørsmål om kva dei la i ordet medverknad. *"Dette er vanskeleg å definera og det er vanskeleg å sei konkret kva barna kan bestemme. Det er viktig å skapa tillit og få til eit fint samspel, noko som gjer at barna utviklar seg. Dersom dei får mange avslag på innspel dei kjem med vil det påverke dei i negativ retning"* (F1). F2 meina at medverknad handla om at barna får påverke kvardagen sin og at det skjer på ulike måtar.

Reell medverknad

På spørsmål om kva som er reelt at barna medverkar på svara F1 at det situasjonsavhengig. I følgje både F1 og F2 er det ikkje alt barna kan medverke på. F1 svara at det er dei vaksne som har hovudansvaret og dei som må passe på at alle får medverke. Dei vaksne må i følgje F1 legge til rette for at barna skal kunne medverke. Dette hevda F2 gjekk ut på at dersom barna får medverke på alt dei har lyst til, vil dei også ta avgjersler som er utanfor deira evne. Når det gjeld kva barna skal og kan medverke på, svara F1 at barna kan medverke på realistiske ting og det som er reelt. I forhold til kva situasjonar barna kan medverke på var begge samde om at barna kan medverke på alt, men det er dei vaksne som har hovudansvaret. Sjølv om dei var einige på dette punktet stilte F2 nokre spørsmål i forhold til kva som er viktigast å bruke tid på. Eit av dei var om ein skulle bruke 20 minuttar lengre tid på å pakke sekken saman med barna på ein spesielt travel dag eller om ein skulle gjere det sjølv? Dette peika F2 på fordi det i ein travel kvardag ikkje alltid er praktisk og best at barna medverkar.

Pedagogisk verkemiddel

Når det gjaldt medverknad som eit pedagogisk verkemiddel, meina F1 at ein må ta opp signal frå barna og ta desse med i planlegginga. F2 meina at ein let barna medverke dersom ein intervjuar dei og evaluerer responsen dei gjev. Dette må ein som F1 også sa, ta me seg i planlegginga.

Vilje til medverknad

Når det gjeld barna og deira måte å vise teikn på at dei vil medverke meiner F1 at ein kan sjå på barna om dei synast det er kjedeleg eller morosamt. Barna seier også i frå. Som førskulelærar kan ein til dømes sjå at dei som er stille og forsiktige vil meistre oppgåvene på lik linje med dei andre. F1 seier at ein kan sjå at barna veks dersom dei får medverke og dei utviklar seg i positiv retning samstundes som sjølvtillet/sjølvkjensle veks. Dette aukar i følgje F1 også meistringskjensla. Både F1 og F2 hevda at barna ikkje skal tvingast til å medverke dersom dei viser teikn på at dei ikkje ynskjer. F2 seier at dei oppsøker situasjonar som dei synes verkar spanande.

Medverknad i forhold til naturleikeplassen

På spørsmål om korleis barna medverkar når det gjelder nærfriluftsliv er F1 og F2 samde. Dei meinat dei som førskulelærarar ikkje er så flinke til å la barna medverke og at det ikkje er praktisk mogleg å la barna medverke på alt. På avdelinga blir sett opp plan for heile året når det gjelder turar og dette er ein voksen som gjer. F1 peikar på at barna har mykje fri leik når dei oppheld seg på naturleikeplassen i nærfriluftslivet. Sjølv om planane for turane er lagt, meina F2 at det er viktig å vera open for endringar. Dette handla i følgje F2 om når det kom til kvar turen skal gå og tidsbruk på turane. Til dømes om barna vil sjå meir på eller bruke lengre tid på vegen, vil dei få mindre tid på neste stopp. Dette handla i følgje F2 om å sjå konsekvensane av dei vala dei tek. F2 peika på ein som førskulelærar må vite om det er vegen eller målet som er viktig med turen.

Planlegging og vurdering

I høve spørsmål om kva barn kan vere med å planlegge og vurdere, svara F2 at barn kan delta i å pakke sekken, velje mat og kvar turen skal gå. Vidare svara F2 at barna kan velje innanfor gitte rammer. Dette går ut på at dei vaksne legg fram nokre alternativ som barna kan velje mellom. F2 seier vidare at vaksne må informere barn om konsekvensar av sine handlingar og at dei ut frå dette er i stand til å ta greie vurderingar. F1 svara at vaksne må vurdere om det er ein reell situasjon for at barn medverkar.

Kva kan og bør ikkje barna medverke på

I forhold til kva barna ikkje kan og ikkje skal medverke på, seier F1 at dei ikkje bør medverke på noko som kan påverke turen i negativ retning eller går ut over andre. F2 framhevar spesielt ting barna medverkar på som vil få konsekvensar som ikkje kan gjerast noko med umiddelbart. Her meinar begge at dei vaksne må inn å styre. F2 meinar at barna ikkje skal medverke i forhold til ting som har med sikkerheit å gjere. Til dømes kan dei ikkje velje å klatre i klatreveggen utan sele og tau.

4.0.2 Intervju med barna

Naturleikeplassen

Barna vart spurde om kva dei synst om naturleikeplassen. Her svara alle barna at dei trivest på naturleikplassen og at dei tykte at den var fin. J2 likte og veldig godt å sitte inne i gapehauken. Når uteområdet i barnehagen vart sett opp mot naturleikeplassen var alle einige i at det var kjekkast å opphalda seg på naturleikeplassen. J1 og G3 la til grunn at det var meir å leike med på naturleikeplassen. Alle barna var også samde i at dei oppheldt seg på naturleikeplassen i akkurat passe lang tid.

I forhold til spørsmål om kven som bestemte i forkant av turar til naturleikeplassen, svara alle dei 8 barna at det var dei vaksne. G4, G5 og J7 meina at barna fekk bestemme litt, mens G5 sa at dei fekk velje kva dei skal leike med. J2 var klar på at det ikkje berre var dei vaksne som bestemte, men at barna også fekk vere med å ta avgjersler.

Vegen

På spørsmålet om vegen til naturleikeplassen svara barna noko ulikt. G5 svara at det var kjedeleg å vente lenge. G3 derimot svara at det var kjedeleg å gå heile tida. G3 sa at det var mykje spanande å sjå på, og at dei kunne plukke med seg blomster og liknande. J1, G5 og J7 sa at det var dei vaksne som bestemte kva veg dei skulle gå. J1 kunne godt tenke seg å vere med å ta den avgjersla. G5 seier at nokre gangar får barna bestemme. G3 likte beste at dei gjekk same vegen heile tida, men at dei vaksne alltid vel nye stiar.

Alle barna synest at det var kjekt å gå opp. G4 syntest det var kjekkast å gå fremst og kjedeleg å gå bakarst. G3 syntest at dei gjekk i passeleg tempo og at det var kjekt å gå heilt stille å

høyre på lydane i skogen. G6 likte at det var mange bakkar og stor fart fordi ein kunne hoppe frå stein til stein. J7 likte godt å springe i bakkane, men sa at det var litt tungt å gå opp.

Medverknad

Barna fekk spørsmål om kva dei ynskje om å gjere på naturleikeplassen dersom dei fekk bestemme alt og her var svara meir individuelle. J1 svara at ville la dei andre barna få bestemme litt i tillegg til ho sjølv, mens J2 ville gjere noko der alle barna måtte bidra. G3 ville at alle skulle finne ut kva dei sjølv ville leike med og synest det hadde vore kjekt fordi han ikkje likte at dei vaksne alltid skulle ha siste ordet.

Når det gjeld spørsmålet om dei ville bera sekk sjølve, svara alle at dei ikkje gjorde dette. Alle barna unnateke eit, kunne tenke seg å bere sekk sjølve. J7 var den einaste som ikkje ynskte dette fordi ho hadde hatt ei dårlig oppleveling med det før.

4.0.3 Observasjon av opplegget

Planlegging

Den første turen gjekk føre seg på den måten at det var dei vaksne som hadde planlagt den. Det var vaksne som hadde bestemt maten, aktivitetane og pakka sekken medan barna var deltagarar. På vegon opp til naturleikeplassen var det dei vaksne som bestemte kor lengre pausane skulle vare og kva veg dei skulle gå. Oppo på naturleikeplassen var det dei vaksne som laga maten og som styrte aktivitetane. Det var ikkje berre vaksenstyrt aktivitetar, barna fekk og leike fritt. Ut i frå kroppsspråk og samtalar med barna fekk ein inntrykk av at denne dagen var slik dei var vane med.

Den andre turen skilde seg frå den første ved at barna skulle vere aktivt medverkande. I forkant av planlegginga vart barna intervjuat og dei hadde på førehand komme med ynskje om kva dei ville eta og kva dei ville gjera. I planleggingsfasen var barna noko urolege og usikre. Dei visste ikkje kva dei kunne velje eller kva dei ville. Barna kom med mange forslag til kva dei kunne eta og kva dei ville gjera når dei var på naturleikeplassen. Med unnateke av eit forslag, var alle moglege å gjennomføra (Vedlegg 5) Avgjersla fall på det som det klare fleirtalet var einige om. Dei ble einige om at dei skulle grille pølser. Dei ville spikke kvar sin

grillpinne og grille pølsene sjølve på bålet. Barna bestemte sjølve kven som skulle gjere kva under førebuinga. Dette vart dei fort einige om. Barna kom fram til at dei skulle gå i to grupper opp. Dei ville trekke om kven som skulle gå først og sist. Når det gjaldt utføring av ulike oppgåver på turdagane avgjorde barna kven som skulle gjere kva.

4.0.4 Evaluering

Når det gjaldt den første turen verka det som om barna var tilfredse med situasjonen. I intervju med førskulelærar i etterkant kom det fram at barna oppførte seg som dei pla gjere og dei ga ikkje uttrykk for at dei sakna noko. Barna snakka om at neste gong dei skulle på tur var det dei som skulle bestemme alt. Dei ga uttrykk for at dei gleda seg og det var noko dei ikkje var van med.

I evalueringa av den andre turen sa barna at dei ikkje var fornøgde fordi dei hadde ikkje fått gjort alt dei hadde bestemt på førehand. Det gjaldt spesielt leik som det ikkje vart tid til fordi matlagninga tok tid. Underveis i opplegget ga ikkje barna uttrykk for at dei var missnøgde med situasjonen. Det var først i samtalar med barna at dette kom fram. Dei sa i tillegg at dersom dei skulle ha likande opplegg fleire gonger, ville dei ikkje sjølve lage maten fordi det tok lang tid og at konsekvensen var at dei fekk mindre tid til leik. Barna var samde om at det hadde vore kjekt å bestemme, trass i at det ikkje vart tid til leik.

5.0 Diskusjon

Me har valt å dele diskusjonsdelen inn etter underproblemstillingane. Tilslutt kjem det ei oppsummering og refleksjonar kring prosessen og eige arbeid.

5.0.1 Korleis kan barn medverke i planlegging og etterarbeid av turar?

Når det gjeld turar til naturleikeplassen i den aktuelle praksisbarnehagen, vil det vere naturleg at barna er med på heile prosessen. Denne prosessen omhandlar planlegging, gjennomføring og etterarbeid. Dette må sjåast i samanheng med oppgåva si definisjonen av barns moglegheit til å medverke på turar som står i innleiinga. Barna hadde gjennom det planlagde opplegget moglegheit til å komma med sine meningar og ynskje om korleis turen skulle vera og det var deira måte å medverke på. Undervegs på turen kom dei og med ytringar som måtte vurderast etter kvart. Dei hadde ikkje problem med å komma med forslag til kva ein kan pakke med i sekken eller kva aktivitetar ein kan ha. Dette kan ha samanheng med at dei har vore gjennom slike turar tidlegare. I følgje Piaget vil dei velje noko som er kjent for dei og som dei allereie veit dei meistrar (Nordahl og Midsund 2009). Det at barna meistra dette og visste kva det handla om kan som nemnt ha samanheng med at dei har erfaring med slike turar, trass i at dei ikkje har hatt eit likande ansvar og mogleheter til å medverke tidlegare.

Skoggruppemetoden som er omtalt i Nordahl og Misund (2009) har fokus på at barna skal vere med på heile prosessen. Ut i frå dei erfaringane me gjorde i praksis, såg me at det er lurt at barna er med på heile opplegget. J8 var ikkje tilstades i forkant av opplegget og fekk dermed ikkje delta i planleggingsfasen. Det kunne me sjå konsekvensane av når opplegget vart gjennomført og J8 ikkje såg att si form for medverknad. For dei andre barna vart det som skjedde naturleg ved at dei visste kva som skulle skje dei etterlyste saker dersom noko vart gløymt. J8 synest ikkje dagen hadde vore noko kjekk fordi ho hadde ikkje teke nokre avgjersler. Hadde ho sete att med eit meir positivt inntrykk dersom ho hadde vore tilstades under planlegginga?

I vedlegg 3 kan ein sjå at barna var medverkande ved at dei kom med mange forslag til kva som skulle gjerast. Dei forslaga barna kom med og som ikkje var mogeleg å utføre var gjerne meir på skøy enn med mening. F2 seier at barna kan vere med å medverke og at dei kan velje mellom gitte rammar. Noko av det same meinar Martens og Sandgren (1999) når dei snakkar

om formell medverknad. Då ha barna nokre rammer som er med på å avgjer kva dei kan velje. Er det likevel medverknad, trass i at dei berre får velje mellom nokre forslag?

Då barna skulle ta avgjersler under planlegginga, måtte dei høyre på kva dei andre ville gjere og dei måtte komme fram til noko i lag. Barna fekk komma med meininga si, men ikkje alle fekk det som dei ville. Nordahl og Misund (2008) seier at medverknad handlar om at barna i fellesskap skal bli einige om ein aktivitet. Barna hadde ikkje vanskar med å forstå og respektere andre sine meiningar, sjølv om dei ville at sitt ynskje skulle bli gjeldande. Dei måtte ta omsyn til dei andre og lytte til dei andre i barnegruppa. Gjennom slike situasjonar som omhandlar medverknad lærer barna i følgje Pape (2008) om demokrati.

Når barna fekk bestemme alt som skulle skje i løpet av dagen, synest dei ikkje det var noko kjekt. Ut i frå intervjuvara og samtalen i gangen etter turen, kom det fram at dei kunne nok ynskje at dei fekk mindre ansvar. Er det ikkje naturleg å tru at barna synest det er morosamt å endeleg vere med å ta avgjersle? Det må vere reelle ting dei medverkar på og dei må ikkje medverke berre fordi dei skal få lov til det. Søbstad (2007) peikar også på at medverknad må vera reelt. Barna må sitte att med ei god oppleving når det gjeld medverknad.

5.0.2 Korleis kan barna medverke når det gjeld val av, førebuing og laging av mat?

Barna kan medverke ved at dei får være med å ta avgjersla på kva dei skal eta på naturleikeplassen og dei kan være med å forberede mat. Barna erfarte etter turen at det tok tid å lage mat og kom fram til at neste gang skulle dei vaksne lage maten. Når barna er med å avgjere kva dei skal eta på naturleikeplassen er naturleg at dei må vere med å tilbrede maten. Er det rett at det er dei vaksne som skal gjere arbeidet med å lage maten? F1 sa at barna ikkje skal medverke på noko som kan gå negativt utover dei andre. Det er ikkje positivt for fellesskapen dersom barna bestemmer at andre skal gjere noko for dei. Her kan me sjå likskap med det Tholin (2006) seier om at barns medverknad har meir innflytelse på fellesskapet enn på individuelle behov. Deira medverknad påverkar fellesskapen og ikkje berre dei sjølve og det er viktig å gje barna erfaringar med. Trass i at barna hadde bestemt at dei skulle grille kvar si pølse på bål, ombestemte dei seg når dei såg at det tok litt tid og ville ikkje gjere det likevel. Kva konsekvensar skal det få? Skal dei gå utan mat eller skal dei vaksne lage den for dei?

Korleis kan ein best mogleg lære barna konsekvensane av vala dei tek og likevel halde fast på det som er etisk rett? Det er ikkje sikkert at det beste hadde vore å lete dei gå svoltne resten av dagen. Kva med foreldra? Kva med at medverknad skal vere noko positivt for barna og deira sjølvkjensle?

F1 og F2 meinar begge at barna kan bestemme alt, men at det er dei vaksne som tek hovudavgjersla. Dette dreier seg om det same som Bae (2008) meinar om kva som er passande at barna medverkar på. Førskulelæraren må vurdere om barna er modne nok til å ta dei ulike vala når det gjeld mat på naturleikeplassen. I forhold til dei svara barna kom med i intervjuet, kan ein sjå at dei fekk bestemme litt, men det var dei vaksne som bestemte mest. Det vil sei at me som vaksne gjekk inn og overstyrte barna når me såg at forslaga dei kom med ikkje var noko me såg på som passande å gjennomføra.

Barna kom med mange forslag når dei skulle velje kva dei ville eta (Vedlegg 3). Eit av dei var is. Som vaksne gjekk me inn og sa tydeleg at dette gjekk det ikkje an å ha med på turen. Vygotskys seier at dei vaksne nokre gonger må gå inn og styre og forklare kvifor enkelte ting ikkje er mogleg. Skulle barna fått lov til å ha med is på turen, slik at dei fekk erfare at den kom til å smelte? Var det rett av oss som vaksne å kommentere og avvise forslaget? F2 peikar på at om dei vaksne informerer barna om konsekvensar av sine val er det er lettare for dei å ta realistiske val. Hadde det vore betre dersom den vaksne hadde forklart og hatt ein samtale om kvifor det ikkje er lurt å ta med seg nettopp is? Dersom dei hadde hatt med is hadde fått konsekvensar og barna hadde erfart og lært noko av det. Kor mykje skal dei erfare sjølv? Er det viktig at barna får erfaringar med slike hendingar? Dersom førskulelæraren ynskjer at barna skal lære dei om konsekvensar av vala dei tek, kan dei ha opne grenser. Barna kan bli førebudde på konsekvensane eller dei kan ta alle avgjerslene og sjå kva som skjer. Dei blir kanskje skuffa dersom deira val får konsekvensar som går ut over dei. Kva erfaring sit barnet att med dersom dette skjer?

Pape (2008) peikar på at ein skal sjå barna som likeverdige menneske. Blir dette oppretthaldt ved at ein som voksen overstyrer barnas ynskje om å ta med is? F2 stiller spørsmål ved kva som er viktigast å bruke tid på av at barn medverkar eller det å få ulike arbeidsoppgåver utført. I følgje F2 er det ikkje alltid det mest praktiske at barna skal medverke og dersom det

er ein travel dag vil det gjerne verke meir negativt enn positivt inn på barnegruppa. Kva skjer om det alltid er ein travel kvardag? Ein kan ofte sjå at det går over til deltaking når barna skal medverke fordi dei vaksne har lett for å gå inn og styra. Dette gjer ein gjerne av gamal vane eller fordi ein tykkjer det er mest praktisk og tidssparande. Barna blir passive og dei får ikkje same moglegheit til nye læringerfaringar. Blir ein hektisk kvardag ofte brukt som ein forklaring på at medverknad ikkje finn stad i den grad det er ynskja?

I undersøkinga til Søbstad (2007) ser ein at barna ynskjer å medverke. Dette er noko ein kan sjå att i svara frå J1 som uttrykkte ynskje om å ta i del avgjersler. Ein kan sjå at nokre av barna i barnegruppa ynskte å medverke og det er dei vaksne sitt ansvar å skape rom for dette i kvardagen. Larsen (2009) meinar og at personalets haldningar og deira syn på barn kan gjenspeglast i kva grad dei let barna medverke. Det var nok ikkje därlege haldningar som gjorde til at det ikkje vart is til dessert, men heller eit ynskje om at dagen skulle gå knirkefritt utan store avsporingar som kunne ta fokuset vekk frå barnas moglegheit til å medverke – sjølv om det fungerte motsatt i dette tilfellet.

5.0.3 Korleis ivareta barnas medverknad dersom det kjem ynskje om pause eller andre vegval undervegs på turen?

Dersom ein går med ei barnegruppe på tur er det viktig at forskulelæraren tek seg tid til barna og viser interesse for det som interesserar dei. Sjølv om ein ikkje kjem fram til det tidspunktet som i utgangspunktet var tenkt, er ikkje dette så farleg. Det er vel så viktig å sjå hendingane frå barnas perspektiv og å ta deira medverknad på alvor. Er klokka meir viktig for barna enn ein blome i vegkanten? F2 seier at ein som forskulelærar må vite om det er vegen eller målet som er viktig med turen. I følgje ein av føresetnadane til Tholin (2006) vert det peika på at forskulelæraren skal være fysisk nær barnet slik at det vert lettare å oppfatte inntrykk ut frå barnas interesse og opplevingar. Ein må kjenne kvart enkelt barn og deira føresetnadar, slik at ein i følgje F2 kan finne ut kva om er målet med turen.

Som forskulelærar må ein som sagt kjenne barnegruppa og vite kva interesser og kunnskap det enkelte barnet sit inne med. Dette kan ein sjå i samanheng med det Jensen (2008) hevdar om at ei av oppgåvene til forskulelæraren er å hente fram dei individuelle kvalitetane å ta

kunnskapen til barn på alvor. For å kunne arbeide med uformell medverknad hevdar Martens og Sandgren(1999) at det krev at førskulelæraren er observant på barna og deira ynskje og vise at dei lyttar og ser barna. Ein kan sjå dette i forhold til kva nokre av barna svarde om vegen til naturleikeplassen. G3 svara at det var mykje å sjå på langs vegen og at han godt kunne tenke seg å plukka blomar og høyre på fuglelydar, mens G4 og G5 berre ville komma seg fort fram. Her kan ein sjå at førskulelærarane har ulike ynskjer å ta omsyn til. Tholin (2006) hevdar at barneperspektivet bør vera grunnlaget for det arbeidet førskulelæraren gjer og at førskulelæraren må ta tak i innspel frå barn som oppstår ”her og no”. Som førskulelærar må ein og ta omsyn til forslaga barn kjem med og vise interesse for deira medverknad. Tholin (2006) peikar på at dette er viktig for sjølvkjensla og utviklinga av barnets identitet.

Som førskulelærar må ein sjå ann situasjon og kva barna kan medverke på. Som Pape (2008) seier

er det positivt om barna og vaksne kjem fram til ein løysing saman. F2 seier at barna kan medverke på kva veg dei skal gå og kvar dei skal stoppe, sjølv om planen er lagt. Likevel må ein ta omsyn til demokratiske ved at fleirtalet skal avgjere. Dersom dette ikkje er mogleg å utføre i praksis kan ein eventuelt dele barnegruppa slik at ein større del av den vil få gjennomslag for sine forslag. Når det gjeld slike spontane og uformelle innspel seier F2 at ein må vera opne for endringar. Her deler F2 syn med Johannessen og Sandvik (2008) som seier at dei vaksne må kunne tøye dei rutinane dei har i kvardagen. Er det rett av den vaksne å førebu maten sjølv og lage den klar i førevegen, for å spare tid om morgonen eller undervegs på turen?

Dersom barna kjem med forslag på kva ein kan gjera annleis, må dei vaksne løyse seg frå dei faste rutinane og lytte til det barna seier. F1 seier at ein må ta opp signal frå barna, mens F2 meinar at ein må intervjuje barna og evaluere den responsen dei gir. Det er viktig å tolke signal ut frå både verbalspråket og kroppsspråket deira. Johannessen og Sandvik (2008) er einige i dette, i tillegg til at dei meiner at ein må sjå barna som likeverdige, i same grad som vaksne. Det vil sei at om ein ikkje tek tak i innspel vil ikkje barna bli medverkande. Trass i at barnegruppa bestod av dei eldste barne i barnehagen og at dei hadde vore med på slike turar før, er det ikkje sikkert det er naturleg for dei å komme med realistiske forslag til korleis ein slik tur skal gå føre seg. Det er også lite truleg at barna sjølv ser i kva grad dei er

medverkande sidan dette er vanskeleg nok for vaksne å fatte. Korleis skal barna vite alt om medverknad når det framleis blir forska på dette temaet?

5 0.4 Oppsummering

Det er opp til kvar enkelt forskulelærar å legge opp til og praktiserer barns medverknad. Det er avhengig av den situasjonen ein er i til ei kvar tid. Det er lagt vekt på medverknad i både rammeplanen (2006) og barnehagelova. Ut i frå våre erfaringar er det viktig at forskulelæraren vurderer det ansvaret som vert delt ut til barna. Dette fordi barna skal kunne føle at dei er i stand til å ta ansvaret. Barna kan til dømes ikkje tenne opp bål utan tilsyn. Som F2 seier, skal barna ikkje ta avgjersler som ligg utanfor deira evner. Sjølv om dei vaksne overlet ansvar til barna, handlar det ikkje om ansvarsfråskriving. Dersom ansvaret er for stort kan barna fort falle utanfor flytsona. Dei kan føle at dei ikkje strekk til og at dei ikkje meistrar oppgåva dei har fått. I praksis fekk me erfaring med at barna vart usikre når dei fekk oppgåver dei ikkje var vane med og det førte til at dei tok val som var kjent og trygt for dei.

Etter at me gjekk gjennom observasjonane og intervjuet såg me at barna syntest det var kjekt å få medverke. Barna meina likevel at dei vaksne også måtte bestemme litt. Me kan sjå at det er viktig at barna får påverke på barnehagekvardagen sin og det verka som om barna sjølve tykte det var kjekt. For denne barnegruppa handlar medverknad i forhold til turar om å bestemme og å ha moglegheit til å påverke. Har dette samanheng med deira tidlegare erfaring med turar eller vert opplegget vellykka fordi det er ei oppgåve desse barna klarde å meistre, ut i frå alder og mogning?

5.0.5 Refleksjonar kring prosessen og eige arbeid

Medverknad er eit vidt tema, sjølv om det i utgangspunktet allereie var meint som ei avgrensing. Det var vanskeleg å vite kva utgangspunkt me hadde og det vart klårare etterkvart som me arbeida med teori og innhenting av data. Underveis hadde me eit litt for snevert syn på kva medverknad er og når me kom ut i praksis såg me at me måtte setje oss grundigare inn i stoffet og vere meir opne. Det var eit vidare tema enn me var klar over på førehand og det har prega arbeidet underveis.

I etterkant av arbeidet ser me at me starta i feil ende. Når me henta data frå informantane skulle me kanskje hatt andre typar delfokus. Intervju, opplegget og observasjonane hadde gjerne gått meir i djupna. I ettertid har me forandra syn på kva medverknad er og me ser at det er lettare å fokusera no når me har lært meir om det. Trass i dette ser me tilbake på prosessen og dei læringsfaringane me har gjort oss. Det var eit stort felt me gjekk inn i, utan å ha ei grovoversikt over kva det handla om. Det er mange teoretikarar og praktikarar som framleis greier ut om kva medverknad er. Tilnærminga var i byrjinga litt usystematisk, men me har gjort oss erfaringar me tek med oss vidare. Det er naturleg å tru at det er vanskeleg for førskulelærarar å fatte omgrepet sidan det vanskeleg for oss, trass alt arbeidet med medverknad.

Til å byrja med var det vanskeleg å finne noko konkret om medverknad som ein kunne ha fokus på og arbeida vidare med. Me hadde fokus på medverknad som medbestemming i byrjinga og visste ikkje nok om at det var ulike grader av medverknad, som til dømes innflytelse og påverknad. Me har prøvd å ha ei vid tilnærming når me la opp til opplegga med barna. I ettertid ser me at me har lært korleis ein kan la barna vere medverkande i barnehagekvardagen. Andre læringsfaringar me har gjort oss opp mot eige arbeid som førskulelærarar er at medverknad inngår i det å læra barn om samfunnet og demokrati. Det spelar ei rolle for sjølvkjensla til det enkelte barnet og viktigast av alt; det er eit vidt tema som ein kan arbeida med på ulike måtar.

6 .0 Avslutning

I denne oppgåva har me forsøkt å belyse denne problemstillinga;

I kva grad kan førskulelærarar gje barnehagebarn moglegheit til å medverke i forhold til turar til naturleikeplassen?

Me har erfart at medverknad er eit vidt omgrep og at ein må finne nokre punkt som ein vil fokusere på. Undervegs i prosessen merka me at oppgåva vart noko svevande fordi det var vanskeleg å komme i djupna på omgrepet. For å kunne arbeida vidare og innhente materiale frå praksisfeltet, måtte me setja oss grundig inn i omgrepet og avgrensa kva medverknad er når det er snakk om barnehage. På den måten vart medverknad noko meir handfast og det vart enklare å halde fokus på rett definisjon. Etter at me fekk meir kunnskap om medverknad erfarte me at det var lettare å sjå korleis og i kva grad barna kan medverke når det gjeld turar.

Ut i frå vår problemstilling har me sett og lært om mogleheita barnehagebarn har til å medverke. Den førar ikkje til noko endring i vaksenrolla sidan det er dei vaksne som framleis sit med hovudansvaret. Som framtidige førskulelærarar skal me arbeide med medverknad i barnehagen og det er viktig å vite kva ein kan legge i omgrepet i forhold til turar.

Medverknad er eit omfattande tema som det framleis vert forska på. Det inneber at det stadig kjem nye definisjonar og utgreiingar kring dette temaet. Som førskulelærar er det viktig at ein føl med slik at ein held seg oppdatert. Kva har vidare forsking kring medverknad å seie for både barna og førskulelærarane?

Litteraturliste.

- Bae B. (2006). *Temahefte om barns medverknad*. Kunnskapsdepartementet, Oslo
- Bagøien T.E. (2008). *Barn i friluft, om verdifullt friluftsliv*. Sebu Forlag, Oslo.
- Befring E. og Helland S. (2006). *Barnehagepedagogikk*. Det norske samlaget, Oslo.
- Dalland O. (2008). *Metode og oppgåveskriving for studentar*. Gyldendal forlag, Oslo.
- Gjøsund P. og Huseby R. (2006). *I fokus*. N.W. Damm & Søn AS, Oslo.
- Gotvassli K.Å.(2006). *Barnehagar organisasjon og leiing*. Universitetsforlaget, Oslo.
- Grønmo S.(2007). *Samfunnsvitenskaplige metoder*. Fagbokforlaget, Bergen.
- Guldal, Karslen, Løkken, Rønning, Steen–Olsen (2007). *FoU i praksis*. Akademisk forlag, Trondheim.
- Imsen G. (2005). *Elevens verden - Innføring i pedagogisk psykologi*. Universitetsforlaget, Oslo.
- Jansen T. Thorsby, Pettersvold M. og Tholin K. Rydjord (Red.) (2006). *Førskolelæraren* Pedagogisk forum, Oslo.
- Johannesen N. og Sandvik N. (2008). *Små barn og medvirkning – noen perspektiver*. Cappelen Damm, Oslo.
- Kristoffersen A.(1996). *Barnas rolle i personalets planleggings- og vurderingsarbeid*. DMMH's publikasjonsserie, nr. 3 1996, Trondheim.
- Kunnskapsdepartementet (2006). *Rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen*. Kunnskapsdepartementet, Oslo.
- Larsen A.K Og Slåtten M.V (2006). *En bok om oppvekst*. Fagbokforlaget, Bergen.
- Loftesnes J.M. (2006). *På naturleikeplassen* Sebu forlag, Oslo.
- Løkken G. og Søbstad F. (2006). *Observasjon og intervju i barnehagen*. Universitetsforlaget, Oslo.
- Martens B. og Sandgren E. (1999). *Vi vil prøve verden selv*. Kommuneforlaget, Oslo.
- Nordahl A og Misund S.S (2009). *Læring gjennom mestring – Skoggruppemetoden*. Sebu forlag, Oslo.
- Norsk Pedagogisk Tidsskrift (2009). *Forum for pedagogikk og fagdidaktikk*. årgang 93. Universitetsforlaget, Oslo.
- Pape K. (2008). *Frå plan til praksis prosessorientert arbeid i barnehagen*. Kommuneforlaget, Oslo.

Nettsider

Bae, B. (2007). *Å se barn som subjekt – noen konsekvenser for pedagogisk arbeid i barnehage.*

URL: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/tema/barnehager/a-se-barn-som-subjekt---noen-konsekvense.html?id=440489> (Lesedato: 15.03.2010)

Barnehageloven (2006). *Lov om barnehager* (barnehageloven) av 17. juni nr. 64.

URL: <http://www.lovdata.no/all/hl-20050617-064.html> (Lesedato: 23.04.2010)

Vedlegg

Vedlegg 1 - Intervju med førskulelærarane

1. Kva legg du i ordet medverknad?

F1:Dt er vanskeleg å definera. Kva kan barna bestemme? Må skape tillit og få til eit fint samspel. Ikkje overkøyre barna. Dersom barn alltid får bestemme og aldri får eit nei, taklar dei dette därleg på skulen.

F2: Det handlar om at barna får påverke kvarldagen sin og at det skjer på ulike måtar.

2. Korleis kan man tolke reell medverknad?

F2: Det er situasjonsavhengig. Barna kan påverke, men det er dei vaksne som har ansvaret. Som vaksen må ein passe på at alle blir sett og høyrt, også dei som er stille. Dei vaksne må ta tak i spontane innspel. Dei vaksne kan fort styre den frie leiken og dei vaksne må legge til rette for frileik slik at barna får medverke.

F2: Det vil ikkje fungere fordi barna ikkje veit begrensingane og kva som er reelt. Barna må ha reell medverknad innafor gitte rammer ☐ Det kan bli for mange nedturar dersom det kjem mange urealistiske forslag.

Spørsmål 3 fell vekk fordi det omhandla ein konkret situasjon i barnehagen.

4. Korleis kan medverknad brukast som eit pedagogisk verkemidel?

F1: Me må ta opp signal frå barna og ta det med i planlegginga. Me har ordensvakt fordi barna har komme med ynskje om dette. I tillegg har me delt samling slik at det skal vere tilpassa dei ulike aldrane fordi barna synest det var kjedeleg å ha samling ilag.

F2: Ved å intervju barna og evaluere responsen. Ta dette med i vidare planlegging. Ein kan lese kroppsspråket fordi kroppen seier mykje.

5. På kva måte kan barna vise at de vil medverke? Er det nokre teikn på at dei vil medverke?

- Merkar du forskjell på barna når de får medverke og når dei ikkje får medverke?

F1: Ein kan sjå på barna dersom dei synest det er kjedeleg/morosamt i tillegg til at dei seier det. Dersom dei får medverke ser ein at barna veks på det. Dei som er stille og forsiktige vil

meistre oppgåvene på lik linje med dei andre og dei utviklar seg. Dersom det er teikn på at dei ikkje vil, så kan ein ikkje tvinge dei.

F2: Dei oppsøker situasjonar dei synest verkar spennande. Til dømes vil fleire smake på ei suppe dersom dei har vore med å laga den og vore med på prosessen.

6. Har avdelinga ein felles strategi for korleis dei jobbar med medverknad ?

F1: Nei, er noko heilt nytt. Ikkje vore fokus på tidlegare.

F2: ingen felles strategi.

7. Fortel kort korleis barna er med å medverke når det gjelder nærfriluftsliv?

F1: Dei er litt lite medverknad. Kanskje lite flinke på dette området. Ikkje alt er praktisk mogleg. Er mykje fri leik når ein har komme fram til målet. Maten er vaksenstyrt.

F2: Det blir sett opp plan for heile året når det gjeld turar, av ein voksen. Barna får medverke når det gjeld tidsbruk på turar, vil ein sjå på noko og bruke lengre tid vil ein få kortare tid på neste stopp. Konsekvensar av vala deira.

8. I korleis situasjonar kan barna medverke? Som for eksempel at barna kan vere med å pakker sekken eller bære sekk sjølv.

F1: Kan stort sett vera med i alle situasjonar, med voksne som har hovudansvar. Dei utviklar seg ved at dei får litt ansvar. Det skapar tillit ved at dei blir sett og høyrte (eit elementært behov på same måte som omsorg og å sitja på fanget).

F2: Dei kan medverke på alle områder. Kva er viktigast? Kva skal ein bruke tid på? Skal ein bruke 20 minutt ekstra på å pakke sekk saman med barna på ein spesielt travel dag? I kvardagen er det ikkje alltid praktisk og best at barna medverkar.

9. Når det gjeld turar, kva kan barna vere med å planlegge? Kva kan dei vere med på å vurdere?

F1: Ein må vurdere situasjonen. Til dømes kan barna ikkje gå utan genser til naturleikeplassen fordi dei har lyst til det. Ein kunne ha gjort det på barnehagen sitt område slik at dei fekk læra at ein til slutt blir kald. Dei kan velje å gå opp ein bratt bakke for så å bli slitne, er gjennomførbart og ikkje farleg.

F2: Pakke sekk, val av tur. Sjølv om nokre barn får medverke er det ikkje alle er samde. Barn tek greie vurderingar dersom dei er informert om konsekvensane. Barn kan velje innanfor gitte rammer. Vaksne må ta val dersom barna kan få øydelagde opplevingar fordi dei tek val som dei ikkje er modne nok til å ta. Den vaksne må velje kva ein skal bruke energien på.

10. Kva kan og skal barna medverke på?

F1: På realistiske ting. Dei kan få styre kvardagen sin. Dersom dei får ta val og får ansvar utvikle dei seg og får betre sjølvkjensle -> dette fører til meistringskjensle.

F2: Lengda på turen, er dei leie eller kalde, har dei det kjekt? Mat – i mange tilfell. Dersom vaksne spør kva barna har lyst til, vil dei nesten alltid svare noko som er kjent for dei. Gje dei valmoglegheiter slik at dei kan prøve ut nye ting. Det fører til at dei blir trygge i fleire situasjonar og dei får dermed større valmoglegheiter til neste gong dei skal medverke. Det gjer det meir reelt og tilrettelagt. Barna kjem ikkje på alt av seg sjølv.

11. Kva kan og skal dei ikkje medverke på?

F1: Ting som går ut over andre. Ikkje styring av andre i negativ retning. Enkelte ting må dei vaksne bestemme.

F2: Lengre turar er ikkje rett tid for utprøving (utan vottar, genser, regnklede). Her må dei vaksne inn å styre dersom barna ikkje ser konsekvensar av vala sine. Ikkje medverke på ting som kan påverke turen i negativ retning. Ikkje medverke på ting som har med sikkerheit å gjere. Til dømes kan dei ikkje velje å klatre i klatreveggen utan sele og tau.

Vedlegg 2 – Barneintervju

NLP = naturleikeplassen, BHG = barnehagen

1. Fortel litt om kva du likar å gjere på naturleikeplassen.

J1: Krave i jorda etter dyr.

J2: Balansere, like og skili.

G3: Å huske og eta maten oppe på naturleikeplassen.

G4: Likar best å øydelege tree og knekke tre leiken.

G5 :Leika, ete mat

G6: Alle ting, leika

J7: Klatre og holde dei vaksne

2. Kva synest du om naturleikeplassen?

J2: Likar veldig godt å sitte inne i gapehauken.

3. Kva synest du er moro å gjere på naturleikeplassen?

J1: Klatre i tre

J2: Huske

G3: Vera inne i gapahuken å lage små hus bak gapahuken.

G4: Likte veldig godt å springe ”spidermanløypa” ned frå naturleikeplassen.

G5: Moro - Øydelegge snømenn, skli på rompa, knekke tre leiken og huska er mest morosamt.

J7: Huske og trampoline

4. Kva er kjedelig?

J1: Kjedelig å kaste på blink

J2: Kjedelig å klatre

G3: Kjedelig å gå hele tida er mykje spennande å sjå på og plukke, blomster og slikt.

G4: Kjedeleg - å vente lenge

J7: Utan å leika med menneske

5. Korleis er dei vaksne?, Kven bestemmer?

J1: Dei vaksne bestemmer

J2: Dei vaksne bestemmer litt

G3: Dei vaksne bestemmer.

G4: Dei vaksne og barna bestemmer litt

G5: Me bestemme kva me skal leike med.

J7: Barn litt og vaksen litt

6. Korleis veg går dykk opp og kven bestemmer?

J1: Vaksne bestemme, kunne godt tenkt meg å bestemme kor me skulle gå opp

J2: Snar vegen, vil går rett opp. Det er 2 bakker me kan gå rett opp.

G3: Fin veg å gå opp. Liker beste å gå same veg heile året, gå rundt. De vaksne tar alltid nye stiar heil tida.

G4: Me vel vegen, snarvegen

vaksne bestemmer ,av og til bestemmer me og (Bjørneskogen)

J7: Vaksne, den med bil er kjekkast

7. Korleis er det å gå opp? Kjekt / mindre kjekt

J1: Det er kjekt, men litt langt. 2 stopp

J2: Kjekt å gå opp

G3: Kjekt å gå opp. Passer fart. Når eg og J1 går heilt stille då kan de høyre fuglane.

G4: Det er kjekkast å gå først og kjedelig å gå sist

G5 : Kjekt med masse bakka opp

G6 : Kjekt med større fart, hoppa frå stein

J7: Springe i bratte bakkar er kjekt. Får vatn i hovudet. Bli ikkje sliten, men litt tungt å gå opp.

8. Kva et dykk? Kva kunne du ynskje å eta?

J1: Me et litt forskjellig. Pannekake med syltetøy, brunost og sukker. Ostesmørbrød.

J2: Rundstykke, vaflar, grill pølser på bål frukt, eg likar berre eple.

G3: Bål, graut, ostesmørbrød og pannekaker

G4: Kylling, ostesmørbrød med skine og ost, pølser, potetstappe og eple.

G5 : Likar toast, graut og skive

J7: Bollar. Vil eta pannekake

9. Pleier dykk å bere sekk?

J1: Me ber ikkje sekk. Kunne godt å gjort det

J2: Nei, ikkje sekk. Kunne ønske at me gjorde det.

G3: Nei, men vil ikkje bere sekk.

G4: Ja, kunne godt bert eige sekk

G5: Vaksne ber sekken. ja hadde vore kjekt å bera eigen sekk

J7: Vil ikkje bæra sekk, dårlig oppleving før.

10. Kven bestemmer kva som skjer på NLP?

J1: Vaksne bestemmer. Men me bestemmer det me har lyts til.

J2: Vaksne bestemmer og litt barna. Ikkje berre dei vaksne som bestemmer.

G3: Dei vaksne

G4: Me barna bestemmer

J7: Barna. Dei vaksen ropar på dei som gå for langt vekk.

11. Er det dei vaksne som styrar på NLP eller leikar dykk det dykk vil?

J1: Nokre gonger får me lov til å bestemme kva me vil gjere

J2: Me leika med det me har lyst til. Ikkje berre dei vaksne som bestemmer.

G3: Leika akkurat det med har lyst til. Me kan ikkje gå så langt opp. Me har aldri fått bestemme kva me skal gjøre og eta, aldri bestemt det. Fyrste gogn på nå.

G4: Litt begge

G5: Knekke tre leiken

J7: Vaksne bestemme, barna kjem på leikar

12. Kva er det kjekkast NLP eller BHG?

J1: Oppe på NLP, der er det mange andre leiker som me ikkje har i barnehagen. Me har tre husker der oppe og berre ein i barnehagen.

J2: Det er best på NLP, der er det kjekt

G3: Begge deler er artig. Blir litt sliten av å gå. Men blir ikkje sliten når eg leikar og herjar, gå gløymer eg det. Er litt meir å leike med oppe på NLP, huske og klatre i tre.

G4: Kjekkast ute i barnehagen – der kan me leike star wars

J7: Kjekkast på NLP for der kan eg leike med venne.

13. Kva vill du ha gjort om du skulle bestemme alt?

J1: Då hadde eg lat dei andre bestemme litt. Fri leik. Me skulle ha ete pannekaker

J2: Laga mat, tent bål aleine. Laga song, eit bord og ein borg. Noko som alle barna må hjelpe til å lage.

G3: Då ville eg ha hatt pannekaker eller spaghetti. Alle kunne bestemme kva dei vill leike. Når me går opp vegen må me gjøre det som dei vaksne seier, liker ikkje det. Liker godt å sjå litt på ting.

G4: Pinne star wars

J7: Ville hatt med ball

14. Er de for lenge eller for lite oppe på NLP?

J1: Me er der oppe akkurat passe tid.

J2: Me er der oppe akkurat passe tid.

G3: Litt for lite og litt passe. Litt fleire minuttar.

G4: Akkurat passe tid

J7: Lenge og det er bra

Vedlegg 3

LØPANDE PROTOKOLL

Observasjonsdato: Torsdag 18.mars 2010.

Alder på barnet: 7 barn i alderen 5 år.

Situasjon: Alle barna sit i samlingsring og skal planlegge neste dags tur. To voksne er deltagande, mens ein er observatør.

Hensikta med observasjonen: Sjå korleis barna oppfører seg og korleis dei kjem med innspel til turen.

Skildring	Tolking
<p>Dei kjem med forslag men er usikre. J1 seier at dette har dei ikkje vore med på før. Det kjem fram 6 middagsrettar (pizza, pasta, kjøtdeig, taco, spaghetti og pølse) og 4 dessertar (is, eple med sjokolade, banan med sjokolade, popcorn). 10 aktivitetar; huske, skli, tampen brenner, balansere, gøymsel, klatre i tre, hinderløype, post/rebus, matte, teikning og samling. V2 seier at barna må velje noko anna enn is □ det blir popcorn og banan og eple med sjokolade. V1 styrer mens barna er med å avgjera kven som skal gjere kva. Går fint. Barna seier at dei gledar seg. V1 spør om alle likar pølse. Barna kjem med ulike variantar av pølse som dei likar. Det blir pølse med lompe, brød og pinnebrød. + kald pølse utan noko attmed. Leikar teppeleiken 3 gonger. Tek lunsj. Alle fekk kvar si arbeidsoppgåve + J8 som ikkje er her.</p>	<p>Barna er engasjerte. Alle deltek.</p> <p>Dei blir utovermodige mot slutten</p>

Oppsummering av observasjonen: Alle barna var aktive og kom med forslag. Planlegginga gjekk bra og dei var positive til turen. Det virka som om det var litt uvandt for dei å vere med å bestemme så mykje.

Eventuelle tiltak: Ikkje anna enn å utføre planane

Vedlegg 4

LOGGBOK

Dato: Onsdag 24.mars 2010

Kven? 7 barn i alderen 5 år, 2 studentar og 1 forskulelærar.

Kva? Evaluering av dagen saman med barna.

Kvar? På golvet i garderoben rett etter at me er kommen attende frå tur.

Logg

V1 spør korleis dagen har vore. J8: Keisamt. Mange er einige. Barna legg seg på golvet og ser slitne ut. Verkar negative. V1: Har det ikkje vore moro? De fekk jo bestemme det som skulle skje? J8: Nei, me fekk ikkje bestemme noko. G5: Nei.

V1: Jo, de fekk jo bestemme kva me skulle ete og vidare. Me laga jo pølse fordi de ville det og de fekk grille den sjølv. G4, G5 og J7: Nei, me fekk ikkje bestemme noko. Me skulle jo leike bjørnensov. Me har ikkje leika i dag. V1: Det var jo de som hadde bestemt at de skulle tenne bålet, dekke bordet, varme maten sjølve og ha 3 ulike dessertar. Slike ting tek jo tid. Var det dumt at de ikkje fekk leike? Alle er einige. J1: Neste gang skal dei vaksne laga maten. Då kan me leike. J8: Jammen eg har ikkje bestemt noko, eg ville ikkje gjere det slikt. V2: Det var fordi du ikkje var her i går når me planlagde dagens tur. Det var difor eg spurde deg om du ville dekke bordet når me var på naturleikeplassen. J8: Eg ville ikkje ha pølser.

Barna ligg framleis på golvet og er trøytte og slitne. V1: Synest de ikkje at det har vore ein fin dag? Har alt berre vore kjedeleg? V2: Eg synest no at eg har sett at de har hatt det moro i dag. J2 og J7: Me har tent bål og synest at det var kjekt. Kunne ynskje at me hadde fått leika meir. V2: Eg trur de har hatt ein kjempefin dag. De er nok berre slitne. G4: Eg er veldig sliten. Eg har laga stor snømann. Kan me ut no?

Samlinga blir oppløyst og barna går ut.

Vedlegg 5 Plan for opplegg

Plan for turar til naturleikeplassen	Kva?	Korleis?
Dag 1	Pakke sekk saman med F1, samling med haregruppa, påkledning, tur, måltid på NLP, aktivitetar og heimreise. Avreise frå barnehagen ca.10. Heimkomst ca.14.	Førebu mat som me skal ha med på tur, dersom det er behov for det. Me pakkar sekk og gjer alle arbeidsoppgåver i forhold til turen i tillegg til å bestemme korleis barnegruppa skal gå opp.
Dag 2	Tur til NLP. Observere korleis barna er på ein tur der dei sjølve har vore aktive i planlegginga og sjå det i samanheng med korleis den forrige turen var. I forkant ha ein samtale med barnegruppa om korleis turen skal gå føre seg og korleis ein skal fordele oppgåver.	Barna skal heile tida vera aktivt medverkande og deltagande. Barna har vore med i planlegginga og førebuingane. Det er viktig at barna er med på utførelsen av opplegget slik at dei ser att det dei sjølve har planlagt.

Vedlegg 6

Deltakingstrapp

Martens Og Sandgren (1999)

